

Hogne Straume  
Straumsvegen 9  
939 Sletta

Straume, 05.06.19

Radøy kommune

v/ underutval for vilt og innlandsfiske

Uttak av hjort i Nordanger storvald

I Nordanger krinsen er det eit kjend problem med beiteskade på eng og bil-påkøyrslar av hjort. Her er det og eit aktivt produksjonsmiljø for mjølk og anna storfehold. I fôrproduksjon generelt og i mjølkeproduksjon spesielt er mengd og kvalitet på grovfôret avgjerande for resultatet. Med så stor hjortestamme som me har no, er det vanskeleg å fornya enga eller ha attlegg i samband med nydyrking. Det siste er viktig også i samband med eit eventuel komande forbod mot nydyrking på myr. Beitinga av hjort fører også til stort avlingstap og reduksjon i kvaliteten på graset

Hjorten beitard på graset haust, vinter og tidleg på våren og seinare, då han bl.a. et akset av timoteien. Då vert planten øydelagt for resten av veksten og forringa i fôrverdi ved at edlarer delar, som frødelane er borte. Mykje skit kan verta med i foret, det er også serdeles uheldig for kvaliteten.

Fram mot 2014 fekk me eit større uttak av hjort. Då hadde eg 20 daa attlegg. Då greidde eg å etablere enga med betre resultat enn no etter at hjortestammen vart sleppt så mykje opp att. Bil-påkøyrslar har også auka no dei siste åra. 7 stk. som måtte bøta med livet i 2018, meir i 2017. Det er ein dyr og lite human måte å beskatta viltet på. Det kan ved uheldige omstende verta ei meir alvorleg ulukke, t.d. i samband med møte eller unna manøvrer. Ein reduksjon av stammen er eit godt førebyggjande tiltak.

Ved eine vårteljinga i år, vart det tald 109 dyr. Ved tidlegare rådspørjing med Direktoratet for vilt og ferskvassfisk, sa dei at det skulle godt gjærast å sjå meir enn halve stammen på teljingar.

Berre på Straume kunne det no i vinter, på sein ettermiddag og tidleg kveld, vera flokkar på mellom 20 og 30 dyr ute å beita på enga minst tre ulike lokalitetar samstundes.

Dirr. for vilt og ferskvassfisk sa at uttaket måtte vera over 40% for å få reell reduksjon av stammen, og jamn avskyting av alle slags dyr i stammen. Då meina me, at det bør opp i ein årleg avskyting på oppunder 80 dyr i minst 3 år framover.

Dette er synspunkt som dei andre bøndene på Straume deler.

Vonar det vert teke til følgje.

Med helsing Hogne Straume

Vedlegg: 2 bilete av brunstgrop under og etter reparasjon